



HORDALAND FYLKESKOMMUNE

Fylkesrådmann

MØTEREFERAT Regional areal- og transportplan for Bergensområdet

Referat frå: Administrativ Koordineringsgruppe **Møtedato:** 09.03.2015 **Tid:** 13:30 – 15:30

Møteleiar: Bård Sandal **Møtestad:** Fylkeshuset **Arkivsak:**

Referent: Snorre Waage/Hans-Christian Engum **Ref.dato:** **Arkivnr.:**

Deltakarar: Bård Sandal, Rune Fjeld, Lars Kristian Stendal, Willy Sørensen, Ingvild Hjelmtveit, Gerhard Inge Storebø, Marit Rødseth, Thorbjørn Aarethun, Hans-Christian Engum, Snorre Waage

Referat frå møte i Administrativ Koordineringsgruppe – Regional plan for Bergensområdet 09.03.2015

6/15 Dagsorden og referat

Referatet frå møte 13.02.2015 kunne tydelegare synleggjort dei prinsipielle diskusjonane knytt til Fylkeskommunen si framtreden og rolle. Kommentaren gjelder både for den formelle posisjonen og pedagogikken planarbeidets presentasjon. Referatet godkjennast med denne eine kommentaren.

Generelle kommentarar frå gruppa innleiingsvis:

- Planområdet omfattar det som vil bli del av en bymiljøavtale. Nullvekstmålet er sentralt, og dette vil krevje ein overordna strategi for området, som ikkje nødvendigvis er forenlag med ein «demokratisk» prosess og «vekstfordeling» i alle kommunar i planområdet. Planen må legge til rette for at det vert etablert gode kollektiv- og sykkelløysingar. Men og at veksten konsentreras rundt definerte område. Dette krevjar ei anna tenking rund pengebruk på transportsystem, og kor ein lokaliserer seg. Innspelet spør om den fleirkjerna senterstrukturen (desentralisert konstrasjon) vil virke kontraproduktiv mot mål om nullutsleppsvekst.
- Planen utfordrar primærkommunane sin rett til å styre seg sjølv. Er kommunane sin verksemnd og ønskjer godt nok representert, og har prosessen i planarbeid så langt vore god nok? Ønskje med dette innspelet er å gjere merksam på at det vil kunne vere utfordrande å selge planen inn til politikarane.
- Har vært ein læringsprosess og modning å vere involvert i dette planarbeidet, og ser no kvifor planen ønskjer å gjere som den gjer. Dette er ein krevjande, men viktig plan.
- Kommunane må og forholda seg til statlege planretningsliner, og ikkje berre eigen sjølvrådrett.

7/15 Utkast kapittel 2 - Senterstruktur og utbyggingsmønster, Marit Rødseth / Hans-Christian Engum

Det blei gjort ein grov gjennomgang av endringar som er gjort sidan sist.

Kap: 1.3.1: Her har fylkeskommunen ønska å legge mindre vekt på tala som er brukt, og meir vekt på satsingsområda/prioriteringane.

Innspel:

- Arna bør prioriterast som vekstområde. Der investeras det i god kollektivinfrastruktur. Bybane-aksar må òg prioriteras. Veksten som skal komme, må komme der kollektivsystemet er godt nok for det. Dersom det ikkje er bra, bør det ikkje vekse i det området.

Kap: 1.3.2: Gjennomgang av dei forskjellige senternivå, med særlig fokus på skilnad mellom lokalsenter og nærsenter. Dei fleste kommunane er så store at dei treng lokalsenter. Nærcenteromgrepet kan for eksempel gjelde for stader med ein befolkningstettleik som kan fylle dei same funksjonane som lokalsenter, men innan gangavstand.

Kap 1.3.3: kollektivorientert utbyggingsmønster:

Kollektivsystem og utbyggingsmønster må gjensidig bygge kvarandre opp. Utbygging bør skje knytt til senter og inntil 600 meter frå kollektivstopp.

Kap 1.3.4: Fortetting

Arealøkonomiserande og transportreduserande fortetting kan ha motstridande interesser, men hovudpoenget her er at ein må satse på fortetting.

Innspel:

- Tabell 2: Ønskjeleg å gjere denne meir tilgjengeleg/forståeleg. Innspel frå arbeidsgrupper at figurane i kapitlet ikkje har vore drøfta i gruppene.

Kap 1.3.5: Framtidas Utbyggingsmønster

A: Samordna senterutvikling og kollektivsystem

HKF presenterte nyleg utarbeida kart over føreslårte regionale og lokale vekstsoner i Bergensområdet..

Innspel: Reaksjonar frå kommuneadministrasjon er mellom anna at det er for konservativ tenking. Ein bør ha større fokus på alternative kollektivtransportløysingar, og incentivbruk for meir elbiler. Samfunnsøkonomisk høyras dette tilgjengeleg.

B: Regionale vekstsoner

C: Balanse vekst og vern

Innspel på planskildring totalt:

- Dette handlar om korleis gjere det beste ut av det utbyggingsmønsteret vi allereie har. Det er stor bustad/arbeidsplass-ubalanse i Bergensområdet. Viktig å få til eit desentralisert mønster – særleg med tanke på desentralisert konsentrasjon av arbeidsplassar.
- Bør få fjernet areal/bustadreserver som vil skape bilavhengigheit. Dette gjeld for areal avsett til bustad i kommuneplanar, men som vi i dag ser at ikkje er hensiktsmessige å bygge ut. Vi må forankre all utbygging i eit ATP-perspektiv.
- Planen kan vere meir konkret. Eit viktig tema er mellom anna kva som skal prioriterast i Arna, og kor dette skal skje.

- Planen bør sette krav om miks av bustader og arbeidsplasser.
- Tilsvarande krav til ferdige kollektivløysingar før visse områder kan byggas ut.
- Bør ha klare retningsliner på dette.
- Det blir foreslått eit «problemnotat» som illustrerer nokon av dei dilemma som regionen stor overfor, for å tydeleggjere for beslutningstakarar kvifor dei grepa ein ønskjer er viktige.
- Om man vil at denne planen skal være styrande må ein tørre å diskutere verkemiddelbru i større grad. I alle fall om ein skal ha nokon augnekontakt med nullvekstmålet.
- Ikkje alle kan stille seg bak det som her vert diskutert, men gruppa synast å vere betydeleg meir trygg på dokumentet enn sist.
- Innspel på at ein opplever at fylkeskommunen er meir imøtekommende på lokal vekst enn sist.
- Forholdet mellom arbeidsplassar og bustader (ubalanse/balanse) er problematisert i næringskapittel, men det blir spilt inn at kanskje denne diskusjonen og fortener ein plass i dette overordna kapittelet.

Innspel/diskusjonspunkt retningsliner:

- Retningsliner for analyser:
 - Bør skje i samband med *revisjon* av kommuneplan.
- Retningsliner for areal:
 - Bruken av «skal/bør/må»: uklårt korleis begrepa nyttast og kva ein meiner med dei. Dette bør det ryddast i.
 - Kva type «senter» meiner ein her?
 - Vekst vs vern dikotomien: Det er ulike typar «vern» - her må ein vere tydelege på kva ein meiner med vern og vekst.
 - Fylkeskommunen understreker at det er retningsliner ein bruker her, ikkje føresegrn.
 - Bymiljøavtalen kjem berre til å omfatte Bergen kommune

8/15 Kapittel 4 – Bustadområde, HFK

Utkast kapittel 4 – Bustadområde, Snorre Waage

Innspel:

- Til 1.3.1. Er alle kommunane involvert i analysane? Hjelmtveit.
- Tala i 1.3.1 bør utdjupast. Kva kommunar gjeld dette?
- Fordeling av bygging i Bergen og i omegnskommunane. Gjennomsnitt på 850 synast for lågt, HFK må sjekke dette opp.
- Kommunane treng verktøy som kan leggje til rette for at det blir planlagt og bygga meir leiligheter.
- Føringane for kvalitet synast for detaljerte. Planprogrammet stadfester at prinsipp for fortetting med kvalitet skal bli utvikla.

Innspel Retningsliner

- Retningsliner for prosess
 - Bruken av «skal/bør/må»: uklårt korleis omgrepa nyttast og kva ein meiner med dei. Dette bør det ryddast i.
 - Tydeleggjere at retningsliner er i tillegg til eksisterande lovar og statlege / regionale retningsliner på området.

9/15 Framdriftsplan

10/15 Eventuelt